



## Notat

Dato: 02.06.2017  
Arkivsak: 2017/3858-9  
Saksbehandlar: rutornh

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling 20.06.2017

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Invitasjon til internasjonal bibliotekkonferanse i Bergen 15. - 17. august

Fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholt i Hordaland fylkeskommune og biblioteksjef i Bergen kommune, Leikny Haga Indergaard, har lang fartstid i den internasjonale bibliotekorganisasjonen IFLA (International Federation of Library Associations and Institutions). I år har dei tatt initiativ til ein pre-konferanse i tilknytning til den årlege hovudkonferansen som skal vere i Wroclaw, Polen, 19. – 25. august.

Konferansen bli arrangert av IFLA-seksjonane for Public Libraries og Management & Marketing. Hordaland fylkesbibliotek og Bergen Off. Bibliotek er lokale arrangørar i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Universitetsbiblioteket i Bergen. Målet er å vise bibliotekfolk i Noreg god praksis frå heile verda – og å vise verda spanande tiltak i norske bibliotek. Fleire av sesjonane er parallelle for folke- og fagbibliotek.

Konferansen har fått kr 100 000 i støtte frå Nasjonalbiblioteket og har elles gode sponsorinntekter.

Programmet for konferansen MANAGING CHANGE: LIBRARY TRANSITIONS er vedlagt.

Meir informasjon, program og påmeldingsskjema: <http://www.managingchange2017.org/>

Påmeldingsfristen er utvida til 24.juni.